



STORD  
KOMMUNE



# Utkast til planprogram

## Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg



## Føremål med planarbeidet

Kommunane har ansvar for grunnskuleopplæringa og skal sørge for tenlege grunnskular. Stord skal ha gode og likeverdige skuletilbod som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring for den einskilde, og medverkar til berekraftige og attraktive nærmiljø.

Skulestrukturen i Stord kommune skal vera berekraftig og driftseffektiv.

Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg skal sikra ei planstyrt utvikling av skuleanlegga i Stord kommune. Planen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1.

## Bakgrunn

Kommunedelplan for skuleanlegg 2019-2027 vart vedteken i kommunestyret 17.12.2020 i PS 91/20. Prognosen for tal elevar i Stord syner ein større reduksjon enn det som er lagt til grunn i gjeldande kommunedelplan, fleire av skulane har og behov for vedlikehald og oppgradering, samstundes som kommunen har ein krevjande økonomisk situasjon og høge lån. Politisk og administrativ leiing i Stord kommune finn det difor nødvendig å vurdere skulestrukturen i kommunen på nytt. Utgreiinga vil bli gjort i form av ein gjennomgang og oppdatering av gjeldande kommunedelplan for skuleanlegg.

## Overordna rammer

Dei siste åra er det gjort store investeringar innan skulesektoren i Stord kommune og me har bygd tre nye ungdomsskular i løpet av få år. Kommunen tildeler midlar til skulane etter føringar i gjeldande opplæringslov med forskrifter. Skulane sine økonomiske handlingsrom utover lovpålagde oppgåver er knappe med dei budsjetttrammene skulane har per i dag. Stord kommune skil seg ut frå andre samanliknbare kommunar gjennom å ha høge lånekostnader på nye skuleanlegg. Det vert lagt opp til ein drift av skulesektoren som er i tråd med kommunen sitt inntektsgrunnlag.

I arbeid med revidering av kommunedelplanen vil ein vurdere om skulestrukturen me har i dag er den mest tenlege måten å organisera skulekrinsane på. Alternative løysingar for organisering på kort og lang sikt skal greiast ut, basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Skulekrinsane skal framleis vera definerte ut frå kapasiteten ved den einskilde skule og opplæringslova sitt prinsipp om eleven sin nærskule, samtidig som ein ønsker å få fram den mest berekraftige skulestrukturen på sikt.

## Planprogrammet

Etter plan- og bygningslova § 4-1 skal det lagast planprogram for alle kommuneplanar.

Planprogrammet skal skildra føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, tilrettelegging for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og trong for utgreiingar.

Planprogrammet blir normalt fastsett av kommunestyret, jf. plan- og bygningslova § 11-13, men mynde kan delegerast. Stord kommunestyre sitt vedtak i PS 59/17 gir utval for oppvekst og utdanning fullmakt til å fastsetja planprogrammet.

## Nasjonale føringar

Opplæringslova regulerer kommunen sine pliktar knytt til grunnskuleopplæringa. Det er vedtatt ny opplæringslov gjeldande frå august 2024, og ny kommunedelplan vil bli

skreven etter føringar i ny opplæringslov, sjølv om framdrift og tidsplan seier at kommunedelplanen skal vera ferdig før ny opplæringslov er gjeldande.

I gjeldande opplæringslov, § 9A-7 vert det fysiske skulemiljøet skildra slik:

«Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.»

Opplæringslova § 8-1 skildrar elevane sin rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til.

Opplæringslova § 13-4 skildrar i tillegg at kommunen svarar for skyss av grunnskuleelevar på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss av elevar på fyrste trinnet som har lengre enn to kilometer til skulen frå heimen, medan grensa for elevar på dei andre grunnskuletrinna er på fire kilometer. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskuleelevar.

Plan- og bygningslova med forskrifter har detaljerte krav til utforming av nye bygg og ombygging av eksisterande bygg. Kommuneplanen har sin heimel i plan- og bygningslova.

Arbeidsmiljølova skildrar mellom anna krava til det fysiske arbeidsmiljøet for dei tilsette i skulane. Arbeidstilsynet følgjer opp at nye bygg eller ombyggingar som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova får utforming som er i tråd med eit godt arbeidsmiljø.

Folkehelselova legg til kommunen å fremja helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseskilnadar og bidra til å verna innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Kommunen skal fremja folkehelse innan dei område og oppgåver som er lagde til kommunen, slik som lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Skulen er ein særskilt viktig arena for helsefremjande arbeid. Nasjonal transportplan har som mål at 80 prosent av barn og unge mellom seks og 15 år skal gå eller sykla til skulen.

Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar er heimla i folkehelselova. Forskrifta inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og gir krav til bl.a. ansvarstilhøve, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage. Føremålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar, på skular, skulefritidsordningar og leksehjelp-ordningar fremjar barn og elevar si helse, trivsel, leik

og læring, samt at sjukdom, skade og førebygging for å unngå alvorlege hendingar. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskrifta. Dette gjeld og for nye anlegg. Det er kommunelegen som er godkjenningssmynde i Stord kommune.

## Regionale føringar

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015)
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 (2014)
- Regional transportplan (2018)

## Kommunale føringar

- Kommuneplanen (2011, ny samfunnsdel vedtatt 2022)
- Budsjett og økonomiplan (årleg rullering)
- Kommunedelplan for oppvekst/førebyggjande plan (under utarbeiding)
- Trafikksikringsplan (2014)
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2015)
- Kommunedelplan for kulturminne (under utarbeiding)
- Handlingsplan klima nullutslepp2030
- Folkehelseoversikt (2020)

## Grunnlagsmateriale

- Rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet om fysisk læringsmiljø og planlegging av skulestruktur
- Kommunedelplan for skuleanlegg - skulebruksplan 2019-2027
- Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK20)
- Rapport – vurdering av fareklassar skuleveggar i Stord kommune (2017)
- Rapport møteplassar og nærmiljø frå innspelsprosjektet (2017)
- Forstudie utviding av skulekapasitet i sentrum
- Skuletilhøyring – nærskule og skulebyte (2020)

## Utgreiingar og vurderingstema

Kommunedelplanen skal gi eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for å vurdere kva som er den beste skulestrukturen i Stord kommune på kort og lang sikt.

Følgjande utgreiingar og vurderingar vil gjerast av administrasjonen for å gi politisk leiing eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til vurderingar og avgjerd om kva skuleanlegg me skal ha i ein framtidig og berekraftig skulestruktur:

- Revidera rammene for opplæring, kapittel 2 i gjeldande kommunedelplan
- Oppdatera elevtal og elevtalsframskrivingar i skulekrinsar og område, inkludert prognosar knytt til utbygging av nye bustadområde
- Oppdatera skulane sine vurderingar av kapasitet
- Syna kostnadar til administrasjon og skuleleiing
- Syna kostnadar til drift av dei fysiske skuleanlegga
- Syna kostnadar til planlagt vedlikehald av skuleanlegga
- Greia ut og vurdere ulike løysingar til skulestruktur og presentera ein plan for korleis kommunen kan utvikla berekraftige skuleanlegg og krinsgrenser for framtida
- Vurdere tiltak på kort sikt for å effektivisera Stord kommune si skuledrift, inkludert ev. nedlegging av skuleanlegg
- Vurdere moglege investeringar i skuleanlegg på lang sikt, ev. oppretting av nye større skuleanlegg

Det er ønskeleg at ny kommunedelplan skal gjelda for minst ti år fram i tid og skissera ein føreseieleg skulestruktur for innbyggjarar og tilsette.

Sentrum barneskulekrins med barneskulane Leirvik og Langeland har kapasitetsproblem og gamle bygg. Desse skulane må ivaretakast i forhold til planlagde investeringar.

Stord kommune har vore i drøfting med Vestland fylkeskommune om eventuell kommunal overtaking av Stord vidaregåande skule avdeling Saghaugen som utgangspunkt for ny barneskule på Leirvik. Dersom drøftingar og vurdering tilseier at det kan vera aktuelt med kjøp av dette anlegget, vil dette bli vurdert i kommunedelplanen.

## Prosess og involvering

Arbeidet med kommunedelplanen er organisert med kommunestyret som prosjekteigar, med Utval for oppvekst og kultur som styringsgruppe og kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt er prosjektansvarleg. Ei arbeidsgruppe nedsett av kommunedirektøren vil stå for utgreiingar og utarbeiding av kommunedelplanen. Medlemer i gruppa skal representera fagavdeling oppvekst og kultur, hovudtillitsvalde, økonomiavdeling og tekniske tenester.

Elevar, foreldre og tilsette i skular skal få seia si meining om framlegg til endringar i kommunedelplanen. Dersom det blir lagt fram tilrådingar som i særskilt grad rårkar ein eksisterande skule eller ein skulekrins, vil det bli utvida innspelsrundar i krinsen.

Kommunedelplanen blir utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1. Dette gir krav om at offentlege organ som saka vedkjem og andre interesserte blir varsla om føremålet og viktige problemstillingar for planarbeidet etter lova § 11-12. Vidare skal oppstarten etter same føresegn bli kunngjort i minst ei avis som er alminneleg lest på staden, og gjennom elektroniske media. Det er krav om planprogram og høyring av planprogram etter § 11-13. Fristen for å gi merknad er minst seks veker frå kunngjering.

Oppstarten av denne planprosessen og framlegg til planprogram er kunngjort i avisa Sunnhordland og på [www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no). Sunnhordland er einaste papiravis utgjeven i Stord kommune, og listeført for statsannonser. Varsel om oppstart er sendt til følgjande instansar:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Vestland fylkeskommune - Skyss
- Statens vegvesen
- Sør-vest politidistrikt
- Fitjar kommune
- Bømlo kommune
- Sveio kommune
- Tysnes kommune
- Kvinnherad kommune
- Trygg Trafikk Vestland
- Grunnskular og barnehagar i Stord
- Foreldrearbeidsutval i kommunale og private grunnskular
- Foreldreutval i kommunale og private barnehagar
- Samarbeidsutvala ved grunnskulane
- Skulemiljøutvala ved grunnskulane
- Elevråda ved grunnskulane
- Samarbeidsutvala ved dei offentlege og private barnehagane

- Stord ungdomsråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Kontaktutval for innvandrere og flyktninger
- Stord idrettsråd
- Barnerepresentanten
- Eining for kultur
- Førrebyggjande tenester
- Stord kulturskule
- Stord kommunale eigedom
- Stord kommunalteknikk
- Stord brann og redning
- Kommunelegen
- Regulering, byggesak, oppmåling
- Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor
- SLT-koordinator
- Fagforbundet
- Utdanningsforbundet

Framlegg til kommunedelplan skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, bli kunngjort i minst ei avis som er alminneleg lesen på staden og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske media. Fristen for å gi merknad skal vera minst seks veker. Framlegget til kommunedelplan vil gå til dei same organa som oppstartsmeldinga.

Involvering av innbyggjarane utover det som er skildra i dette kapittelet vil bli vurdert undervegs i prosessen, basert på kor store endringar som vert lagde fram.

## Tidsplan

12.12.2023:	Vedtak i Utval for oppvekst og kultur om å leggja planprogram ut til offentleg høyring
26.01.2024:	Høyringsfrist planprogram
Februar 2024:	Vedtak av planprogram i Utval for oppvekst og kultur
05.03.2024:	Førstegangshandsaming av plan i Utval for oppvekst og kultur og utlegging til offentleg ettersyn med seks veker høyringsfrist
Mai 2024:	Handsaming av plan i utval og kommunestyre